

**Stad: Langevåg Bygdatun**

**Dato: onsdag 21. mai 2025**

**Registrering av stemmer frå kl. 17:00 - 17:50. Oppmøte etter kl. 17:50 gir ikkje stemmerett på årsmøtet.**

## SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ ÅRSMØTE 6. JUNI 2024.....	2
SAK 3.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOK OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR .....	2
SAK 4.	ENDRING AV VEDTEKTER §10 (BRUK AV ÅRSOVERSKOT) FOR Å MOGLEGGJERA AVSETTING TIL NETTUTBYGGINGSFOND .....	2
SAK 5.	GODKJENNING AV RETNINGSLINJER NETTUTBYGGINGSFOND .....	6
SAK 6.	GODKJENNE ÅRSMELDING FOR 2024 .....	9
SAK 7.	GODKJENNE RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2024 .....	9
SAK 8.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT .....	9
SAK 9.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND .....	16
SAK 10.	ENDRING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND .....	16
SAK 11.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR .....	17
SAK 12.	VELJA REVISOR .....	17
SAK 13.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR .....	17
SAK 14.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET .....	20
VEDLEGG SAK 4 .....		21



## Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

### Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

## Sak 2. Godkjenning av møtebok frå årsmøte 6. juni 2024

### Tilråding til vedtak:

Møteboka for årsmøte 6. juni 2024 vert godkjend.

## Sak 3. Val av to personar til å skriva under møtebok og val av to valobservatørar

## Sak 4. Endring av vedtekter §10 (bruk av årsoverskot) for å mogleggjera avsetting til nettutbyggingsfond

### Styrevedtak

Styret i Finnås Kraftlag SA gjorde i styresak 21.24 vedtak om å føreslå for årsmøte å opprette eit nettutbyggingsfond som kan gi økonomisk støtte til bygging av elektrisk infrastruktur som er allmenntilgjengleg. For å kunne opprette eit slikt fond er det naudsynt å først gjera ei vedtektsendring som må handsamast på to årsmøte. Endringa krev to tredjedelars fleirtal av dei avgjevne røystene på begge årsmøta. Det må også utarbeidast retningslinjer for nettutbyggingsfondet som skal handsamast i eiga sak på årsmøte i 2025.

## Saksgang

- 1. handsaming av endring i selskapsvedtekter – Vedtatt på årsmøte i 2024
- 2. handsaming av endring i selskapsvedtekter – årsmøte 2025
- Legge fram retningslinjer for nettutbyggingsfondet – årsmøte 2025
- Første avsetning til nettutbyggingsfond – årsmøte 2025

## Bakgrunn/motivasjon

Bakgrunnen for ønske om å opprette eit nettutbyggingsfond er å sikre at næringslivet på Bømlo (Bømlo Kraftnett AS sitt konsesjonsområde) har akseptable og konkurransedyktige kostnader ved etablering av næringsverksemd som krev forsterka straumnett. Fondet skal bidra til å dekke kostnader til etablering av ny elektrisk infrastruktur, som igjen kan skapa nye arbeidsplassar og vera til nytte for allmenta og samfunnet på Bømlo.

## Regelverk om anleggsbidrag

I dag er det slik at nettselskapet (Bømlo Kraftnett) er pålagt å krevje inn anleggsbidrag dersom ein kunde utløyser investeringar i nettet ved tilknytning eller behov for auka kapasitet og eller betre kvalitet. Anleggsbidragsreglene gitt av kontrollforskrifta er ufråvikelege reglar, dvs at nettselskapet SKAL krevje inn anleggsbidrag.

I dag er det kapasitetsutfordringar i straumnett båd på Bømlo, i regionen og Norge generelt. Alle tilknytningar større enn 1 MW vil også utløyse krav om anleggsbidrag i overliggande nett (sentral- og regionalnett). Ny næringsetablering vil i mange område utløyse krav om store anleggsbidrag som kan vera krevjande og virke dempande på næringsutvikling.

## Heimel

Samvirkelova opnar for at overskotet kan disponerast på denne måten, men dette krev ei vedtektsendring. Vedtektene må utvidast med eit punkt som seier noko om rammene for kor stor del av årsoverskotet som kan overførast til fondet, og korleis midlane i fondet kan brukast. Det er vesentleg at det berre er prosjekt som kan definerast som allmenntytige som kvalifiserer til å få støtte frå fondet. Det må og sikrast at utbetalingar frå fondet ikkje gis til medlemmer i kraft av å vera medlem i Finnås Kraftlag SA. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for fondet som vil handsamast av årsmøtet i 2025.

## Juridisk vurdering

Saka er vurdert juridisk av Lise Lorentzen og partner/advokat Rolf Erik Disch i Deloitte.

Utdrag frå deira konklusjon/oppsummering:

### Oppsummering

*«Det er vår vurdering at Finnås Kraftlag SA har anledning til å opprette et nettutbyggingsfond, og at deler av årsoverskuddet kan overføres til fondet. Dette krever imidlertid at vedtektene endres, og det inntas en bestemmelse i vedtektene som*

*regulerer rammene for hvor stor del av årsoverskuddet som kan overføres, og hvordan midlene i fondet kan benyttes. Selv om midlene er besluttet overført til et vedtektsfestet nettutbyggingsfond, må bruken av midlene fremdeles følge retningslinjene (som må/bør utarbeides for bruk av fondsmidlene) og ellers være i tråd med både samvirkeloven og kraftlagets vedtekter. Det innebærer at fondsmidler ikke kan utbetales til medlemmer i kraft av å være medlem av kraftlaget. Videre er vi av den oppfatning at det vil være i tråd med lov og vedtekter å benytte fondsmidlene til å yte gaver med allmennyttige formål, så langt det kan argumenteres for at midlene som utdeles skal benyttes til et formål som er nyttig for allmennheten, samfunnet eller lokalmiljøet, og under forutsetning av at gaven ikke tilgodeser mottakers private særinteresser. Det må også foretas en konkret helhetsvurdering for å bekrefte at gaven er å anse som rimelig, både ut fra formålet med gaven, stillingen til kraftlaget og omstendighetene for øvrig.»*

## Vedtektsendring

For at styret skal kunne foreslå å opprette og tilføre midlar til eit slikt fond, må §10 «bruk av årsoverskot» i vedtektene til Finnås Kraftlag SA endrast. Styret ynskjer at opprettinga av eit slikt fond ikkje skal gå ut over beløpet som vert sett av til kjøpsutbytte. Teksten som omhandlar kor mange prosent som maksimalt kan settast av til kjøpsutbytte, er endra for å klargjere at dette skal reknast av heile konsernet sitt resultat før andre disponeringar. Dette punktet har nå blitt gjort om til punkt 10.1.

§10.2 omhandlar kor mykje styret maksimalt kan foreslå å sette av til eit nettutbyggingsfond. Styret foreslår her maksimalt 25% av årsoverskotet i konsernet. Som ved alle andre avsettingar er det lagt inn ein føresetnad om at samvirkelova sine krav om eigenkapital er oppfylt.

## Vedlegg til saka:

Utkast til nye vedtekter, sjå side 20-28

## Tilråding til vedtak:

Årsmøtet godkjenner at §10 i vedtektene til Finnås Kraftlag SA blir endra i tråd med styret si anbefaling (rød tekst viser nye endringar). Saka er oppe til 2. gongs handsaming og vil vera gjeldande frå endeleg vedtak.

## § 10 Bruk av årsoverskot

10.1 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet i konsernet før andre disponeringar, skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

10.2 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 25% av årsoverskotet i konsernet kan avsetjast til eit fond som skal gi støtte til bygging av kraftnett (heretter kalla Nettutbyggingsfondet) Det er ein føresetnad at utdelingane frå Nettutbyggingsfondet kan reknast som allmennyttige.

Overføringa til Nettutbyggingsfondet skal ikkje redusere beløpet som vert sett av til kjøpsutbytte.

Det er ein føresetnad for vedtak om tilføring av midlar til Nettutbyggingsfondet at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

## Sak 5. Godkjenning av retningslinjer nettutbyggingsfond

### Bakgrunn og målsetting

Finnås Kraftlag har i lengre tid sett at det er kapasitetsutfordringar i straumnettet både internt på Bømlo og i nettet som forsyner Bømlo. Reglar om bruk av anleggsbidrag og krav om å ikkje investere før nødvendig, medfører at overliggende nettselskap ventar med forsterking av nettet til dei har ein kunde som forpliktar seg til å ta sin del av kostnaden. Statnett er i gang med bygging av ei ny linje frå Blåfalli til Gismarvik. Det er bestemt at det skal krevjast anleggsbidrag frå nye kundar over 1MW for denne linja.

Bømlo Kraftnett har erkjent at dei på eiga rekning har ei plikt til å halde nettet oppdatert med god forsyningssikkerheit og redundans (reserve forsyningsvegar), men større utvidingar vil medføre krav om anleggsbidrag også i det lokale distribusjonsnettet.

For å hindre at kostnadane med å etablere nytt forbruk på Bømlo blir så høgt at ingen finn dette rekningsvarande, har årsmøtet i sak 4-25 endeleg vedtatt å etablere eit nettutbyggingsfond. Det er viktig at støtta frå fondet berre blir utbetalt til prosjekt som er allmenntytige og ikkje basert på at ein er medlem føretaket. For å sikre dette har styret føreslått retningslinjer for korleis ein skal gå fram ved tildeling av midlar frå fondet. På dei neste sidene er desse retningslinjene vist i sin heilheit:



# FINNÅS KRAFTLAG

## Retningslinjer

for

## NETTUTBYGGINGSFONDET

i

## FINNÅS KRAFTLAG SA

### Føreslått for årsmøtet i Finnås Kraftlag SA

### Sak 14/25

#### Bakgrunn og målsetting

Bakgrunnen for å opprette eit nettutbyggingsfond er eit ynskje om at næringslivet i Bømlo kommune (Bømlo Kraftnett AS sitt konsesjonsområde) skal ha akseptable og konkurransedyktige kostnader ved etablering av næring som treng forsterka straumnett. Fondet skal og vera med på å hindre at tariffane for resterande kundar i konsesjonsområdet blir urimeleg høge som følgje av nødvendige nettinvesteringar. Fondet skal kunne vera med å dekke kostnader til etablering av ny elektrisk infrastruktur som kan gi grunnlag for etablering av nye arbeidsplassar til glede for allmenta og samfunnet på Bømlo. Det er eit krav at utdelingane kan reknast som allmennyttige.

## §1 Føremål

Infrastrukturfondet til Finnås Kraftlag SA (føretaket) er oppretta med føremål om å bidra til finansiering av nettutbyggingsprosjekt som er til nytte for allmenta, samfunnet eller lokalmiljøet i Bømlø kraftnett sitt konsesjonsområde.

## §2 Midlar i fondet

1. Midlane i infrastrukturfondet består av overføringar frå føretaket sitt årsoverskot, eller eventuelt andre midlar som blir overførte eller donerte til fondet.
2. Midlane i fondet skal forvaltast ansvarleg og i samsvar med gjeldande samvirkelov, føretaket sine vedtekter og desse retningslinjene.

## §3 Bruk av fondsmidlar

1. Fondsmidlar kan berre nyttast til føremål som er i tråd med fondet sitt føremål som beskrive i §1.
2. Fondet kan gje gåver eller tilskot til prosjekt eller tiltak som treng ny eller forsterka elektrisk infrastruktur, og som er til gagn for ålmenta, samfunnet eller lokalmiljøet.
3. Fondet kan krevje at mottakar av gåva må betale tilbake deler av gåvebeløpet. Dette gjeld i dei tilfella der nye brukarar av nettet, må betale sin part av tidlegare betalt anleggsbidrag tilbake til mottakar av gåva.
4. Fondsmidlar kan ikkje nyttast til å dekke utgifter relatert direkte til einskilde medlemmar av kraftlaget eller til personar eller organisasjonar som har private særinteresser og der prosjektet ikkje kan karakteriserast som allmennyttig.
5. Styret i FKSA skal gi tilråding til årsmøtet basert på ei grundig vurdering av søknaden og etterleving av fondet sitt føremål. Avgjerd om tildeling av gåver eller tilskot skal takast av årsmøtet i Finnås kraftlag SA.

## §4 Endring av retningslinjer

Endringar i desse retningslinjene kan berre gjerast av årsmøtet og i tråd med samvirkelova sine føresegner.

## §5 Oppløysing

Om årsmøtet fattar vedtak om oppløysing av fondet, skal midlane i fondet tilbakeførast til Finnås Kraftlag SA.

## **Tilråding til vedtak SAK 5-25:**

Framlagd forslag til retningslinjer for nettutbyggingsfondet vert godkjent av årsmøtet.

## **Sak 6. Godkjenne årsmelding for 2024**

### **Tilråding til vedtak:**

Framlagd årsmelding for 2024 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag SA.

## **Sak 7. Godkjenne resultatrekneskap og balanse for 2024**

### **Tilråding til vedtak:**

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

## **Sak 8. Gjera vedtak om disponering av overskot**

**Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:**

<b>Disponering av årsresultat</b>	<b>kr</b>	<b>75 389 715</b>
Gåver til allmennyttige føremål	kr	2 756 000
Avsett til nettutbyggingsfond	kr	5 000 000
Avsette til annen egenkapital	kr	43 133 715
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer <sup>1</sup>	kr	24 500 000
<b>SUM Disponeringar</b>	<b>kr</b>	<b>75 389 715</b>

<sup>1</sup> Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2024.

#### Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styre	kr	2 000 000
Gåve Bremnes idrettslag	kr	353 000
Gåve Bømlo idrettslag	kr	77 000
Gåve Bømlo kulturhus	kr	187 000
Gåve Bømlo Røde Kors Hjelpekorps	kr	91 000
Gåve Moster idrettslag	kr	48 000
<b>Sum Gåver</b>	<b>kr</b>	<b>2 756 000</b>

#### For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrengskap er lagt fram.

#### Følgjande premisser ligg til grunn for styret sine tilrådingar om allmennyttige gåver.

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital. Det at Kraftlaget er eit allmennyttig selskap vil seie at det skal vera til gagn for allmenta.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva, stillinga til føretaket og omstenda elles. Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

I vedtektene § 2 står det at Føretaket kan yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

I vedtektene § 10 (Endeleg vedtatt i sak 4 på årsmøte 2025) står det:

10.1 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet i konsernet før andre disponeringar, skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

10.2 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 25% av årsoverskotet i konsernet kan avsetjast til eit fond som skal gi støtte til bygging av kraftnett (heretter kalla Nettutbyggingsfondet) Det er ein føresetnad at utdelingane frå Nettutbyggingsfondet kan reknast som allmennyttige.

Overføringa til Nettutbyggingsfondet skal ikkje redusere beløpet som vert sett av til kjøpsutbytte.

Det er ein føresetnad for vedtak om tilføring av midlar til Nettutbyggingsfondet at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

Etter praksis sett på årsmøta, har øvste grensa for utdeling av midlar vore ca. 3 mill.kr. Det er naturleg at ein vurderer ut frå overskot i verksemda.

Gåva/forskoteringa skal vera allmennyttig. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte, bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr. 400.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmennyttig føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 2.000.000 til fond for allmennyttige føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerer.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar.

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det ligga føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggsstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

Søknadsfrist 31.desember

## Søknadar årsmøte 2025 – tilråding frå styret

### 1. Bremnes Idrettslag – klubbhus

Bremnes Idrettslag skal byggje nytt klubbhus nede ved fotballbanane. Her skal gamal garasje rivast og nytt klubbhus reisast. Nedre etasje skal brukast til utstyr, lager og toalett. Andre etasje skal nyttast til klubbhus for heile klubben.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 5 035 858,-

Om ein legg til grunn 7% regelen, vil gåvebeløpet bli 352 511,-. Opprunnda til næraste heile 1000 vil det bli 353 000,-

#### **Styrevedtak/innstilling:**

*Styret meiner dette er eit prosjekt som er innanfor premissane og ynskjer å tilrå årsmøtet å støtte prosjektet til Bremnes Idrettslag med kr. 353.000,-.*

*Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggsstart , og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.*

### 2. Bømlo idrettslag - Sauna

Bømlo idrettslag ynskjer støtte til del2 av prosjektet med bygging av ein sauna med plass til 12 personar i Langevåg. Laget har fått innvilga delvis støtte frå andre aktørar og prosjektet legg og opp til bruk av dugnadsinnsats. Dei ser for seg at prosjektet vil gi eit varig tilbod til beste for fysisk og mental helse. Det skal styrka fellesskapet og gi auka trivsel.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 1 096 450,-

Om ein legg til grunn 7% regelen, vil gåvebeløpet bli 76 751,-. Oppruna til næraste heile 1000 vil det bli 77 000,-

### **Styrevedtak/innstilling:**

*Styret meiner dette er eit prosjekt som er innanfor premissane og ynskjer å tilrå årsmøtet å støtte prosjektet til Bømlo idrettslag med kr. 77.000,-.*

*Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart , og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.*

### **3. Bømlo kulturhus – Oppgradering av belysning m.m.**

Bømlo kulturhus er 20 år i 2025. Kulturhuset sin storsal er den einaste fullt ut utrusta scena på Bømlo som er i drift 365 dagar i året. Det er mange brukarar av huset og scena og etter 20 års bruk er det fleire vedlikehaldsbehov som melder seg. Særskilt gjeld dette takbelysninga, men dei ynskjer og å oppgradere akustikk og anna utstyr som scenegulv, scenerigg, tepper, taljesystem og dørar. Dei vurderer sjølv utskiftinga av lyset som kritisk for å unngå å stenge bygget. Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 2 664 550,-

Om ein legg til grunn 7% regelen, vil gåvebeløpet bli 186 518,5,-. Oppruna til næraste heile 1000 vil det bli 187 000,-

I styresak 65-7-2024- gjorde styret eit prinsippvedtak relatert til gåver til kommunale føretak. I vedtaket erkjenner styret å ha praktisert regelverket rundt gåvetildeling for strengt. Det vart difor vedtatt at styret framover vil tilrå årsmøtet å gi gåver til kommunale tiltak som er allmennyttige og knytt til kultur og idrett.

### **Styrevedtak/innstilling:**

*Styret meiner dette er eit prosjekt som er innanfor premissane og ynskjer å tilrå årsmøtet å støtte prosjektet til Bømlo kulturhus med kr. 187 000,-.*

*Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggsstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.*

#### 4. **Bømlo Røde Kors hjelpekorps – Beredskapsbil**

Bømlo Røde Kors Hjelpekorps sin noverande bil er ikkje i forsvarleg stand til å få den gjennom ein EU kontroll. Dei ynskjer difor å kjøpe ein ny bil som har plass til både fem personar og utstyr. I tillegg ynskjer dei at bilen skal ha stor nok motor til å kunne trekke 2500kg og halde følge med trafikken. For å kunne komme fram til alle oppdraga ynskjer dei og firehjulsdrift på bilen. Dei har ikkje valt bilmodell enda, men ser for seg at dei må ut med om lag 1 300 000 for å få tak i ein passende bil.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 1 300 000,-

Om ein legg til grunn 7% regelen, vil gåvebeløpet bli 91 000,-.

##### **Styrevedtak/innstilling:**

*Styret meiner dette er eit prosjekt som er innanfor premissane og ynskjer å tilrå årsmøtet å støtte prosjektet til Bømlo Røde Kors Hjelpekorps med kr. 91 000,-.*

*Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggsstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.*

#### 5. **Moster idrettslag – 3år banar**

Moster idrettslag planlegg å etablere fastmonterte 3´ar fotballbanar for å fremja fysisk aktivitet og fellesskap blant barn og unge i lokalmiljøet. Prosjektet har som føremål å skapa tilgjengelege og trygge treningsfasilitetar som oppfordrar til idrett og leik, samtidig som det styrker sosiale relasjonar og idrettsglede. Banane vil vera tilgjengelege for alle aldersgrupper og vil blant anna bli brukt til organiserte treningar og vennskapelege kampar. Den vil og kunna nyttast av skule og barnehagar i området, noko som gir ein unik moglegheit for skuleelevar å ha eit trygt og tilgjengeleg stad for idrett og leik i skuletida, samtidig som det vil vera med på å styrka samarbeidet mellom skulen og idrettslaget. Me ser for oss at prosjektet vil bidra til auka aktivitet, betre ferdigheitar på fotballbanen, og ikkje minst eit sterkare fellesskap på Moster. Støttemidlane vil bidra til ferdigstilling av anlegget.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 672 693,-

Om ein legg til grunn 7% regelen, vil gåvebeløpet bli 47 089,-. Avrunda opp til næraste heile 1000 blir dette 48 000,-

##### **Styrevedtak/innstilling:**

*Styret meiner dette er eit prosjekt som er innanfor premissane og ynskjer å tilrå årsmøtet å støtte prosjektet til Moster idrettslag med kr. 48 000,-.*

*Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.*

## *Søknadar ikkje tilrådd innvilga*

### **6. Vinsen 59- Oppussing**

Vinsen59 ved Sveinung Robertsen og Marit Vika Robertsen søker om midlar til å vedlikehalde eit anneks i tilknytning til Vinsen på kaien i Melingsvågen. Dei brukar lokala privat, men arrangerer ulike arrangement som er opne for alle.

Marit og Sveinung har etablert ein eigen organisasjon; Vinsen59, med org. nr. 931723456. Organisasjonen står ikkje som eigar av Vinsen, det er det Marit og Sveinung som gjer. Organisasjonen er tenkt å vere eit supplement til det arbeidet som Sveinung og Marit gjer som privatpersonar og bistår når det er naturleg. Føremålet med organisasjonen er å bidra til å ta vare på Vinsen og den lokale kystkulturen, samt synleggjere handelsstaden si historie.

Eventuelle overskot i organisasjonen Vinsen59 og bidrag frå det offentlege og private som blir tileigna Vinsen59, går i sin heilskap til vedlikehald og oppgradering av Vinsen. Det same gjeld overskot frå utleige av leilegheita i annekset.

Marit og Sveinung set av private midlar per månad til vedlikehald og istandsetjing av Vinsen. I tillegg øyremerkte dei oppsparte midlar til framtidig vedlikehald av Vinsen då dei overtok staden. Slik håpar dei å kunne handtere kostnader som er nødvendige for å halde bygningar og eigedom i god stand i åra som kjem.

Dei har laga ein eigen vedlikehaldsplan for bygningane.

Prosjektet dei søker om støtte til har ei kostnadsramme på kr. 989 000,-

Om ein legg til grunn 7% regelen, vil gåvebeløpet bli 69 230,-. Om ein rundar opp til heile tusen, vert det 70 000,-

### **Styrevedtak/innstilling:**

*Styret meiner det er flott at søkjarane ynskjer å ta vare på bygningane og miljøet rundt desse. Bygningane er privat eigd og verdiauke vil komme eigarane av bygningane til gode. Styret kan difor ikkje sjå at dette er innanfor premissane for tildeling av årsmøtegåver, og kan ikkje tilrå årsmøtet å støtte prosjektet.*

## Sak 9. Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd

Av rekneskapen for 2024 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 500.691,-

### Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2024

## Sak 10. Endring av godtgjersle til styret og valnemnd

Satsane for styrehonorar vart sist endra på årsmøte i 2023. Det står i vedtaket at satsane skal vurderast neste gong i 2025.

### Gjeldande satsar:

Styreleiar kr. 99.000,-

Nestleiar kr. 35.600,-

Styremedlemene kr. 23.500,-

Møtegodtgjersle for styremedlemene ved styremøte:

Møter med varigheit under 4 t kr. 1.866,-

Møter med varigheit over 4 t kr. 3 499,-

Møtegodtgjersle møter og kurs for styremedlemene og valnemnd:

Møter med varigheit under 4 t kr. 1 866,-

Møter med varigheit over 4 t kr. 3 499,-

*(grunnlag kr. 466,5 pr.t og 7,5 t) Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.*

### Tilråding til nye satsar for godtgjersle til styret og valnemnd:

Faste godtgjersler er justert opp med ca. 11,3 %. Dette er i tråd med lønnsvekst i verksemda dei siste to åra.

Faste godtgjersler:

Styreleiar kr. 110 200,- (99 000,-)

Nestleiar kr. 39 600,- (35 300,-)

Styremedlemene kr. 26 200,- (23 500,-)

Møtegodtgjersle for styremedlemene ved styremøte:

Møter med varigheit under 4 t kr. 2 076,- (1 866,-)

Møter med varigheit over 4 t kr. 3 893,- (3 499,-)

Møtegodtgjersle møter og kurs for styremedlemene og valnemnd:

Møter med varigheit under 4 t kr. 2 076,- (1 866,-)

Møter med varigheit over 4 t kr. 3 893,- (3 499,-)

*(grunnlag kr. 519 pr.t og 7,5 t) Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.*

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2025.  
Ny vurdering i 2027.

## Sak 11. Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2024 går det fram at det er betalt kr 166 071,- for lovpålagt revisjon i mor og kr 413 571,- for konsernet. Det er også betalt hhv kr 103 100,- og 207 800,- i tilleggstenester.

### Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vert godkjent i samsvar med rekneskap for 2024.

## Sak 12. Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

### Tilråding til vedtak:

Deloitte vert vald til revisor.

## Sak 13. Velja styre og styreleiar

### Styremedlemmer på val:

- Torleiv Fylkesnes
- Nina Ingvaldsen
- Geir Ivar Ådnanes

### Styreleiar på val:

- Torleiv Fylkesnes

### Varamedlemmer på val:

1. Øystein Våge
2. Maling Ölander Rolfsnes
3. Aud Gunn Løklingholm

## Til årsmøte 2025

### Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag

Valnemnda har arbeid etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken i styremøte 22/2-22.

Valnemnda har vore samansett slik:

Selma Karin Vestvik  
Idar Larsen  
Oddgeir Alvsvåg (Leiar)  
Jannicke Gjerdevik  
Torhild Taraldsøy

I instruksjonen heiter det at Valnemnda skal koma med skriftleg framlegg til årsmøtet på kandidatar til vervet som styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal leggja fram og grunngi sine framlegg.

I instruksjonen heter det vidare at *ved val av medlemmer til styret skal det leggast vekt på:*  
At styret får den kompetansen som er nødvendig i både morselskapet og dotterselskapa i konsernet.

At medlemmane har gode samarbeidsevner.

I samsvar med §69 nr. 3 i Samvirke-lova og § nr. 6 i Vedtektene skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemmer.

#### *Utdanningsbakgrunn og erfaring:*

Styret er eit kollegium som skal vera ein ressurs for verksemda gjennom utøving av styret sine oppgåver.

#### *Særlege eigenskapar som kan vektleggjast ved val av medlemmar:*

Styreleiar bør ha leiarerfaring, nettverk og godt omdømme for å gi verksemda eigentyngde.

Medlemmer av styret bør ha og/eller vera villig til å tileigne seg den ulike kompetansen som styret har bruk for.

Medlemmer bør også ha eigenskapar og/eller erfaring som vil styrka styrets totalkompetanse.

Valnemnda er av den oppfatning at sitjande styret oppfyller alle desse vilkåra. Me får tilbagemeldingar, at det er eit godt styre med engasjerte medlemmer med allsidig kompetanse og erfaring.

Det er dei siste tre åra gjort større endringar i styret. Me har fått inn 3 nye styremedlemmer som har tilført nye impulsar og erfaringar.

Med bakgrunn i den utskiftingstakten me har hatt, vil me i år ikkje foreslå nye inn i styret, men komme med ei innstilling som vil sørge for kontinuitet.

Valnemnda si innstilling er som følgjer :

## Torleiv Fylkesnes – Innstilt som Styreleiar (1år)

### Styremedlemmer ( 2 år) :

**Torleiv Fylkesnes** (på val) –. Han har gjennom ein lang periode vist engasjement i styret i Finnås Kraftlag. Han er ein viktig støttespelar for administrerande direktør Tor Bjarne Smedsrud. Valnemnda er klar over at Torleiv har hatt eit langt engasjement, og at endring snart vil være aktuelt. Men me er einstemmig på at Torleiv er ønsket med vidare for ein periode til. Torleiv leiar styrearbeidet på ein god måte.

**Nina Ingvaldsen** (på val) – Ingvaldsen kom inn i styret i 2023 som fast medlem. Ingvaldsen har over lang tid vist eit stort engasjement for lokalt næringsliv på Bømlo og jobbar i dag i eit nyoppstarta firma. Nina er utdanna innan IT og digitalisering med gode kunnskap innan prosjektleiing og strategi. Nina bidrar positivt inn i styrearbeidet og har kunnskap som valnemnda ser som særst nyttige i styret.

**Geir Ivar Ådnanes** (på val) – Ådnanes kom inn i styret i 2023 som fast medlem. Han driv gard på Ådnanes saman med kona, der dei produsera egg, mjølk og kjøt. Han er utdanna innan automasjon og jobbar i Bremnes Seashore. Han har dermed erfaring som jordeigar og tilsett i industrien, som valnemnda meina er viktige bidrag inn i styret. Ådnanes bidrar i dag positivt inn i styrearbeidet.

### Varamedlemmar blir valt for 1 år om gangen :

**1.vara: Øysten Våge** (på val) – Våge er tilsett i Eidesvik AS, har vært kaptein sidan 2012. Har hatt ulike prosjektstillingar i rederiet som assisterande mannskapssjef, inspektør nybygg og sist som flåtesjef for subsea og vindserviceflåten, Han er på fritida engasjert som styreleiar i Finnås Sportsklubb og økonomiansvarleg i Kanaldagane.

**2. vara: Malin Ölander Rolfsnes** (på val) - Ölander Rolfsnes er økonomiutdanna og arbeider no som avdelingsleiar i Siemens Energy. Ho har styreerfaring frå fleire lokale lag, og er med i styret for Bømlo Næringsråd.

**3. vara: Aud Gunn Løklingholm** (på val) – Løklingholm vart uteksaminert som jurist ved UiB sommaren 1997. Ho var tilsett i Bømlo kommune og i Helse Fonna, fram til ho vart tilsett som rådmann i Tysnes Kommune. Aud Gunn kjenner Bømlo godt etter si tid som rådmann i kommunen.

Hollundsdaalen 18.03.25

---

Oddgeir Alvsvåg

Leiar valnemnda

## Sak 14. Velja valnemnd etter forslag frå styret

Iflg vedtektene § 8.2 , styret sine gjeremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

### Utdrag frå § 9, valnemnd:

*Føretaket skal ha ei valnemnd med fem medlemar.*

*Medlemane i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Årsmøtet vel leiar.*

Valnemnda har vore samansett slik:

Oddgeir Alvsvåg (Leiar)	På val i 2025
Jannicke Gjerdevik	På val i 2025
Idar Larsen	Ikkje på val i 2025
Selma Karin Vestvik	Ikkje på val i 2025
Torhild Taraldsøy	Ikkje på val i 2025

Leiar har vore Oddgeir Alvsvåg. Leiar vert vald for eit år om gongen og denne rolla er difor på val kvart år.

### Styret si innstilling til årsmøte:

Styret føreslår for årsmøtet følgjande medlemmer i valnemnda:

Oddgeir Alvsvåg, attval for 2 år.  
Jannicke Gjerdevik, attval for 2 år

Oddgeir Alvsvåg, attval som leiar for 1 år.



# FINNÅS KRAFTLAG

**Vedtekter**

**for**

**Finnås Kraftlag SA**

**Vedlegg Sak 4**

## § 1 Namn

Føretaket sitt namn er Finnås Kraftlag SA (Føretaket)

## § 2 Føremål

Føretaket er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til Føretaket er å

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløysingar,
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- delta i tiltak med allmennyttige føremål i Føretaket sitt konsesjonsområde, og
- yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde
- eiga aksjane i dotterselskapa Finnås Kraftlag AS og Bømlø Kraftnett AS

## § 3 Forretningskontor

Føretaket sitt forretningskontor er i Bømlø kommune.

## § 4 Medlemskap

### 4.1 Generelt

Medlemskapen skal lyda på namn og fødselsdato eller føretaksnummer.

### 4.2 Medlem kan vera

- Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine,
- Organisasjonar/verksemdar som kjøper varer eller tenester knytt til aktivitet i konsesjonsområdet, anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.

For eigarar av partar som er erverva før 01.10.2010, gjeld ikkje kravet om å vera folkeregisterført i konsesjonsområdet.

### 4.3 Sams medlemskap

To eller fleire personar kan ha ein medlemskap saman, jf. Samvirkelova § 19. Dei må i så fall oppnemna ein av dei til å opptre overfor Føretaket.

Når fleire personar har ein medlemskap saman, skal alle førast inn i medlemsregisteret. Det skal gå fram at kvar av dei har medlemskapen saman med andre.

4.4 Når medlemskap tar til å gjelda

Medlem som tilfredsstillar vilkåra i § 4.2, vert medlem frå det tidspunktet medlemsinnskotet er innbetalt.

4.5 Tvist om retten til å verta medlem

Styret avgjer tvistar om rett til å verta godkjend som medlem i Føretaket.

4.6 Utmelding

Utmelding av Føretaket kan berre skje skriftleg.

4.7 Opphøyr av medlemskap

Dersom ein medlem seier opp medlemskapen, døyrr eller ikkje lenger stettar krava i § 4.2, opphøyrer medlemskapen og medlemsinnskotet vert innløyst.

4.8 Økonomiske konsekvensar av utmelding eller opphøyr av medlemskapen

Ved utmelding og innløysing kan ikkje medlemene krevja etterbetaling (kjøpsutbyte), del i etterbetalingsfond eller renter på medlemsinnskot i året for utmelding eller opphøyr av medlemskapen.

**§ 5 Medlemsinnskot**

Medlemsinnskotet i Føretaket er kr 300,-.

**§ 6 Overføring av medlemskap**

Medlemskap i Føretaket er personleg og kan ikkje omsetjast eller på andre måtar overførast til andre. Dette gjeld likevel ikkje dersom ein medlem ønskjer å dela medlemskapet med ein eller fleire personar, jf § 4.3. Det gjeld heller ikkje dersom to eller fleire personar som har felles medlemskap, ønskjer å overføra denne på ein av dei.

Overtaking av medlemskap i uskift bu vert ikkje rekna som overføring.

**§ 7 Årsmøte**

7.1 Ordinært årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 30. juni.

## 7.2 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom

- styret finn det nødvendig eller tenleg, eller
- revisor eller minst ein tidel av medlemene set fram skriftleg krav om slikt møte

Årsmøte skal då innkallast innan ein månad etter at kravet er sett fram.

## 7.3 Innkalling til årsmøte

Ordinært årsmøte skal innkallast i samsvar med §§ 44-47 i Lov om samvirkeføretak.

Innkallingsfristen skal vera minst ei veke.

Ekstraordinært årsmøte skal innkallast på same måten som ordinære årsmøte.

Innkallinga skal klårt syna kva saker årsmøtet skal handsama.

## 7.4 Årsmøtet sitt tilsynsansvar

Ordinært årsmøte skal sjå til at drifta av Føretaket skjer i samsvar med lov, vedtekter og tidlegare årsmøtevedtak.

## 7.5 Andre oppgåver for årsmøtet

Ordinært årsmøte har desse oppgåvene:

- a) Godkjenna årsrekneskap og årsmelding, her medrekna disponering av årsoverskot eller dekking av eventuelt underskot.  
  
Det kan ikkje gjerast vedtak om å avsetja meir til etterbetaling/etterbetalingsfond/forrenting eller gåver til allmennyttige føremål enn det som styret kjem med framlegg om.
- b) Velja styremedlemer, varamedlemer til styret og styreleiar, velja medlemer til valnemnda og fastsetja godtgjersle til styret og valnemnda.
- c) Tilsetja revisor og fastsetja godtgjersle for denne.
- d) Gjera vedtak i andre saker som styret legg fram for årsmøtet. Framlegg frå andre enn styret må være inkomne til styret seinast 1. januar i det året årsmøtet skal haldast.

#### 7.6 Sakshandsaminga på årsmøte

Styret skal på førehand velja møteleiar. Vedkomande treng ikkje vera medlem eller utsending.

Vedtak på årsmøte krev fleirtal av dei avgjevne røystene, dersom anna ikkje er fastsett i lov.

Dersom ingen av dei framlegga det vert røysta over oppnår meir enn halvdelen av dei avgjevne røystene, skal det gjennomførast ny avrøysting mellom dei to framlegga som har fått flest røyster. Dersom røystetalet då står likt, er det framlegget som møteleiaren sluttar seg til å sjå på som vedteke.

Alle medlemene har rett til å møta på årsmøtet, og kvar medlem har ei røyst. Ein medlem kan vera representert ved fullmektig etter eige val, men ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem. Dersom fullmektigen sjølv er medlem, kan vedkomande røysta for både seg sjølv og fullmaktsgjevaren.

#### 7.7 Møtebok

Det skal førast møtebok frå årsmøta. På kvart årsmøte skal to av dei frammøtte medlemene veljast til å skriva under møteboka samen med møteleiaren.

### § 8 Styre

#### 8.1 Samansetnad og val av styre

Føretaket skal ha eit styre med sju medlemmer og fire varamedlemmer.

Årsmøtet vel seks styremedlemmer og tre varamedlemmer i rekkje. Ein styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Føretaket og selskap som Føretaket eig åleine .

Funksjonstida er to år, likevel slik at tre av dei årsmøtevalde styremedlemene er på val kvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne, vert tre av medlemene valde for to år og tre for eitt år. Dei årsmøtevalde varamedlemene vert valde for eitt år om gongen.

Dersom det ved valet ligg føre framlegg om fleire kandidatar enn kva som skal veljast, skal valet vera skriftleg.

Dersom ingen får meir enn halvdelen av dei avgjevne røystene ved første valomgang, skal det haldast omval mellom dei to som har fått flest røyster. Dersom dei to kandidatane då får like mange røyster, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

I samsvar med § 69 nr 3 i Samvirkelova skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemer.

Årsmøtet vel styreleiar for eitt år om gongen mellom dei seks medlemsvalde styremedlemene.

Bømlo kommune kan utpeika ein observatør til styret med personleg varamedlem.

Kommunen sin observatør har tale- og framleggsrett i styret.

## 8.2 Styret sine gjeremål

Styret sine gjeremål er m.a.

- å leia Føretaket i samsvar med vedtektene og vedtak på årsmøtet,
- tilsetja, suspendera, seia opp eller avsetja dagleg leiar, og å fastsetja løn og instruks for vedkomande,
- forvalta og syta for forsvarleg organisering av Føretaket i samsvar med Samvirkelova § 76, nr 1,
- vedta planar, budsjett og retningslinjer for verksemda i samsvar med § 76, nr 2,
- halda seg orientert om økonomien og sjå til at Føretaket, rekneskap og formueforvaltninga er underlagd tilfredsstillande kontroll, jf. Samvirkelova § 76 nr 3,
- setja i verk dei undersøkingar dei finn nødvendige for å kunna utføra oppgåvene sine, jf. § 76, nr 4,
- fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Styret skal kvart år, seinast ei veke før årsmøtet, leggja fram årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding til gjennomsyn for medlemene.

Rekneskapen skal følgja kalenderåret og vera i samsvar med god rekneskapskikk.

## 8.3 Møtebok

Det skal førast møtebok over styresakene. Møteboka skal som minimum opplysa om tid og stad, deltakarane, behandlingmåten og styrevedtaka. Det skal gå fram at saksbehandlinga oppfyller krava i Samvirkelova § 86.

Møteboka skal leggjast fram i samband med årsmøtet.

#### 8.4 Underskrifter og prokura

To styremedlemer saman bind Føretaket med underskriftene sine. Styret kan gje prokura.

### § 9 Valnemnd

Føretaket skal ha ei valnemnd med 5 medlemer.

Medlemene i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne vert to av medlemene valde for eitt år. Årsmøtet vel leiar.

Valnemnda skal leggja fram for årsmøtet framlegg til styremedlemer, varamedlemer og styreleiar.

Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg, og skal kunngjerast saman med innkalling til ordinært årsmøte.

Årsmøtet skal, etter framlegg frå styret, vedta retningslinjer for arbeidet i valnemnda.

### § 10 Bruk av årsoverskot

10.1 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet i konsernet før andre disponeringar, skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

10.2 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 25% av årsoverskotet i konsernet kan avsetjast til eit fond som skal gi støtte til bygging av kraftnett (heretter kalla Nettutbyggingsfondet) Det er ein føresetnad at utdelingane frå Nettutbyggingsfondet kan reknast som allmennyttige.

Overføringa til Nettutbyggingsfondet skal ikkje redusere beløpet som vert sett av til kjøpsutbytte.

Det er ein føresetnad for vedtak om tilføring av midlar til Nettutbyggingsfondet at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

## **§ 11 Etterbetaling/forrenting av andelskapital**

### 11.1 Etterbetaling

Etter vedtak på årsmøte kan det gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemene i Føretaket på grunnlaget av kjøp av tenester frå Føretaket og/eller frå selskap Føretaket eig åleine.

### 11.2 Etterbetalingsfond

Årsmøtet kan gjera vedtak om at det kan etablerast eit etterbetalingsfond.

### 11.3 Renter av medlemsinnskot

Det kan godskrivas renter av medlemsinnskota. Rentesatsen skal fastsetjast av årsmøtet.

### 11.4 Medlemskapkapitalkonti

Styret kan gjera vedtak om at det skal etablerast medlemskapitalkonti i samsvar med § 29 i Samvirkelova.

## **§ 12 Vedtektsendringar**

### 12.1 Vedtektsendringar

Årsmøtet kan med to tredelars fleirtal av dei avgjevne røystene gjera vedtak om å endre vedtektene. For å vera gyldige må vedtektsendringar vedtakast av to årsmøte som også kan vera ekstraordinære årsmøte.

Føretaket kan ikkje selja aksjar i Finnås Kraftlag AS og Bømlø Kraftnett AS utan å ha innhenta godkjenning frå årsmøtet og vedtak om endring av vedtektenes § 2.

Føretaket skal berre stemme for forslag om vedtektsendringar i dotterselskap, andre avgjersler som krev kvalifisert fleirtal på generalforsamling i vedkommande dotterselskap eller sal av vesentlege aktiva i eit eller fleire dotterselskap, dersom forslaget først er vedteke på årsmøte i Kraftlaget med det same fleirtal som ville vært nødvendig for å vedta tilsvarande forslag i Føretaket. Dersom slik godkjenning ikkje finnast skal Føretaket stemme mot slike forslag på generalforsamlingar i dotterselskap.

## 12.2 Vesentlege vedtektsendringar

Vedtektsendringar som inneber

- vesentlege endringar av føremålsparagrafen,
- meir tyngjande hefteregjar for medlemmane,
- skjerping av plikta til å gjera innskot i føretaket,
- avgrensing av retten til å gå ut av føretaket

krev tilslutnad frå minst fire femdelar av dei avgjevne røystene (Samvirkelova § 54, nr 2) på to etterfølgjande ordinære årsmøte.

## § 13 Oppløysing

Føretaket kan oppløysast gjennom vedtak med fire femdelars fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte.

Dersom det vert gjort vedtak om å oppløysa Føretaket, vert all overskytande kapital – etter at medlemskapitalkonti er oppgjorde – overført til ein allmennyttig stiftelse. Stiftelsen skal opprettast i samsvar med Stiftelseslova, og ha som føremål å fremja allmennyttige tiltak i konsesjonsområdet.

Vedtekter for stiftelsen skal fastsetjast av årsmøte i Føretaket.

## § 14 Overgangsreglar

I tilknytning til vedtak om endring av vedtekter skal det gjennomførast ein fondsemisjon. Emisjonen vert gjennomført ved at dei tidlegare partane i Føretaket vert oppskrivne tilsvarande ei årleg forrenting på 4,35% frå kjøpstidspunkt og fram til 31.12.2010.

Frå den summen dei tidlegare parteigarane på denne måte får til gode, skal det setjast til side kr 300,- som skal reknast som medlemsinnskot. Resten av summen skal utbetalast til dei tidlegare parteigarane.

Parteigarar som ikkje får godskrive kr 300,- må betala inn det som manglar som medlemspengar.

Utover dette gjeld Lov om samvirkeføretak (Samvirkelova) LOV-2007-06-29-81